N E W S L E T T E R 1 3 7

Desember 2023

Redaktørhjørnet ..... s. 3

NTAF-styremøte på Skype 13.09.23 ..... s. 4

NTAF styremøte før EU23, 08.11.23 ..... s. 7

Årsmøte NTAF 09.11.23 ..... s. 7

Nye statuttar for NTAF ..... s. 10

Virksomhetsberetning NTAF ..... s. 13

Takk til Georg Træland ..... s. 14

Rekneskap for 2022 ..... s. 15

Førebels rekneskap for 2023 ..... s. 16

Revisjonsberetning ..... s. 17

Omtale av tinnitusrapport ..... s. 17

Høyreapparatstatistikken ..... s. 18

Frå NTAF Newsletter for 40 år sidan ..... s. 22

NTAF 40 år!

FULLFARGE PDF m/lenker på
http://n-t-a-f.org/Medlemsblad.htm

ISSN 0805-4169

NESTE NR AV NL ER UAVKLART

AVS: OUS, ØNH-AVD, BOKS 4950 NYDALEN, 0424 OSLO

NTAF

Norsk Teknisk Audiologisk Forening

Støttemedlemmer

Norsk Teknisk Audiologisk Forening takker for det økonomiske bidraget som støttemedlemmene bidrar med til driften av foreningen.

Auditdata AS

AuditBase databasesystem for Noah
Audiometriutstyr
Tilpasningsutstyr for høreapparater

AurisMed AS

Høreapparater
Tekniske hjelpemidler

CANTEC AS

Høreapparater
Tekniske hjelpemidler

Cochlear Norway AS

Cochleaimplantater
Benforankrede høreapparater

GN Hearing Norway AS

Høreapparater
Trådløst tilbehør
Tekniske hjelpemidler

HLF Hørselshemmedes landsforbund

Har som overordnede mål å gjøre hverdagen enklere for alle landets hørselshemmede, og forebygge hørselstap og hørselsskader i befolkningen: "Din hørsel - vår sak!"

MEDUS AS

Høreapparater
Tinnitusprodukter

OTICON AS

Høreapparater
Tekniske hjelpemidler

SIVANTOS AS

Høreapparater

VESTFOLD AUDIO AS

Hørselstekniske hjelpemidler
Varsling hjem og arbeid
Stemmeforsterkere
Samtaleforsterkere
Lydanlegg/skoleanlegg

WIDEX NORGE AS

Høreapparater
Tekniske hjelpemidler
Audiometri

NTAF WEB-SIDE: www.n-t-a-f.org

Redaktørhjørnet

- Dette er det siste nummeret av NTAF Newsletter med Arne som redaktør. Det er ikkje avklart pr i dag om medredaktør Hilde Knustad Husby (som er ute i fødselspermisjon) eller andre overtar.
- I dette nr av Newsletter er HA-statistikken for 2. kvartal 2023 basert på 9 av dei 10 HA-leverandørane i Noreg (http://n-t-a-f.org/HA-statistikk.htm).
- NTAF har fått nytt styre, sjekk nest siste side i dette bladet!
- Iiris Turunen-Rindel, som er prosjektleiar i Standard Norge, fortel at NS 8179 (Lydtekniske løsninger for universell utforming) er sendt til produksjon for fastsetting. Planen er å få standarden tilgjengeleg i løpet av desember. Det er planlagt lansering av NS 8179 som eit "Standard Morgen" arrangement" den 15. februar. Nærmare informasjon og program kjem på nyåret. Informasjon om Standard Morgen arrangement finn de i lenka: https://standard.no/kurs-og-radgiving/standard-morgen/.
- Iiris fortel at Vinay har trekt seg frå akustikk-komitéen i NSF (SN/K001 Akustikk), og spør NTAF om vi kan peike ut ein etterfølgjar. Om nokon trur dette kan vere av interesse, kan de ta kontakt med styret i NTAF.
- Meir informasjon om Vinay: Han er no "Visiting Professor" ved University of Colorado School of Medicine, i Denver. Hans forskingsprosjekt er: "Psychoacoustics of cochlear dead regions and hidden hearing disorders".
- Marte Myhrum og kollegaer fekk i november publisert artikkelen "Validation of the Norwegian Version of the Speech, Spatial and Qualities of Hearing Scale (SSQ)" i det medisinske tidsskriftet Audiology and neurotology. Dette er den siste av hennar 4 doktorgradsartiklar som no er publisert. SSQ er eit spørjeskjema for eigenrapportering av høyrsel med fokus på retningshøyrsel, taleoppfatting og lytting i støy. Skjemaet vart oversett til norsk frå engelsk for nokre år sidan og er veldig nyttig i klinikk.
- Ralf Greisiger og kollegaer fekk nyleg publisert artikkelen "Intraoperative measured electrocochleography and fluoroscopy video to detect cochlea trauma" i tidsskriftet Otology and neurotology. Dei fann ut at kombinasjonen av perioperativ ECochG-målingar, mikroskop-video, fluoroskopi og postoperativ CT-skan kan gje informasjon om kva som er årsak til tap av resthøyrsel etter cochleaimplantasjon. Målet med studien er å forbetre operasjonsprosedyrene.
- Styret i NTAF har avtalt følgjande møtedatoar for 2024: 8. februar, 23. mai, 22. august og 7. nov (bør vere før EU24). Alle møter mellom kl 15 og 16. Saker bør sendast inn til styrets sekretær i god tid før møta.
- Hugs å sjekke medlemssidene våre på http://n-t-a-f.org/Medlemssider.htm (passord "Gordon"). Her ligg oppdatert medlemsliste og diverse annan informasjon, og du kan sjekke om dine data i medlemsregisteret er oppdaterte. Gje beskjed til kasserar Marte Myhrum om noko ikkje stemmer.

- Vi er som vanleg interessert i stoff frå våre medlemmar—til dømes rapportar, lesarinnlegg, kommentarar og omtalar.

NTAF-styremøte på Skype 13.09.23

Til stede: Arne Kirkhorn Rødvik, Marit Pedersen, Georg Magne Træland, Marte Myhrum, Olav Kvaløy, Torquil MacDonald Sørensen.
Meldt forfall: VinayNagaraj
Dato: 13.09.23

Sak nr	Sak/vedtak	Ansvar
1	**Godkjenning av referatet frå forrige styremøte** *Referatet godkjent.*	
2	**Statuttendring.** Se vedlagte statutter med forslag. *Georg reinskriv forslaget, som så blir sendt ut på høyring til medlemmane for behandling på årsmøtet.*	Alle
3	**EU23 planlegging** • Årsmøte, innkalling *Styret ber Olav bestille rom for 25 personar til årsmøtet i NTAF (torsdag 9. nov kl 1730). Han ber også om pris på leige av utstyr til digital pålogging (for hybridmøte).* • Valg/valgkomite? Usikkerhet rundt hvem som sitter i valgkomiteen. I 2021 så blei Siri Neridah Fjeldsenden Aker valgt for ett år og hun tok ikke gjenvalg i 2022. Og hun blei da erstattet av Kjell R. de andre i valgkomiteen var ikke på valg ? *Her er styret si oppfatting av valkomitésituasjonen:* *I sak 8 (Valg) på årsmøtet 04.11.21 stod det at valkomitéen er samansett av Jørgen S, Kjell Magne N og Siri NFA, og at sistnemnde berre skulle veljast berre for eitt år. Altså at ikkje heile valkomitéen skulle veljast på nytt til årsmøtet 2022. I sak 6 (Innstilling til valg) på årsmøtet 23.11.22, stod det at Kjell Rasmussen var nytt medlem av valkomitéen. Underforstått at han skulle erstatte Siri NFA. Årets valkomité er altså Jørgen Sætre (samankallande), Kjell-Magne Nupen og Kjell Rasmussen. Styret ønskjer valkomitéen lukke til med arbeidet.* • Felles registrering til EU23? *Alle i styret melder seg på kvar for seg.*	Alle

Cochlear™ Nucleus® SmartNav Systemet

Optimalisere CI-kirurgi

Nucleus® SmartNav Systemet er en innovativ løsning designet for å supportere kirurger under CI-operasjon. Den iPad-baserte løsningen med en off-the-ear kirurgisk prosessor gir en intuitiv arbeidsflyt og gir følgende fordeler:

- Trådløs informasjon i sanntid for å gi tilbakemelding om innføringsdybde og innføringshastighet under CI operasjonen[1-7]
- Gir objektive målinger for å supportere avgjørelser under operasjon[1,8,10]
- Informasjon om korrekt elektrodeplassering og implantatfunksjon med tanke på å redusere nødvendigheten av bildediagnostikk etter innføring av elektrode[7,8]
- Automatisert implantatregistrering, data-overføring og intuitivt design for å gi en mer sømløs arbeidsflyt[8]

www.cochlear.no

1. Page JC, Cox MD, Hollowoa B, Bonilla-Velez J, Trinidade A, Dornhoffer JL. Trends in Intraoperative Testing During Cochlear Implantation. Otol Neurotol. (2018 Mar); 39(3):294-298. **2.** Kontorinis G, Lenarz T, Stöver T, Paasche G. Impact of the insertion speed of cochlear implant electrodes on the insertion forces. Otol Neurotol. (2011 Jun); 32(4):565-70. **3.** Rajan GP, Kontorinis G, Kuthubutheen J. The effects of insertion speed on inner ear function during cochlear implantation: a comparison study. Audiol Neurootol. (2013); 18(1):17-22. **4.** Todt I, Mittmann P, Ernst A. Intracochlear fluid pressure changes related to the insertional speed of a CI electrode. Biomed Res Int (2014); 2014:507241. **5.** Morrel, WG, Holder, JT, Dawant, BM, et al. Effect of Scala Tympani Height on Insertion Depth of Straight Cochlear Implant Electrodes. Otolaryngology – Head and Neck Surgery. (2020); 194599820904941. Available from https://doi.org/10.1177/0194599820904941 **6.** Skarzynski H, Lorens A,Matusiak M, Porowski M, Skarzynski PH, James CJ. Cochlear implantation with the Nucleus slim straight electrode in subjects with residual low-frequency hearing. Ear Hear (2014); 35(2):e33-43. **7.** Cochlear Limited. D1665111 V1 SEP2019. Angular Insertion Monitoring Algorithm TRL6 Validation. **8.** Cochlear Limited. D1946550 Cochlear Nucleus® SmartNav App user guide. **9.** Cochlear Limited. D1840640 Custom Sound Pro User guide. **10.** Botros A, van Dijk B, Killian M. AutoNRT™: An automated system that measures ECAP thresholds with the Nucleus® Freedom™ cochlear implant via machine intelligence. Artif Intell Med. 2007 May;40(1):15-28.

Dette materialet er ment for helsepersonell. Hvis du er forbruker, oppsøk helsepersonell for råd om behandling for hørselstap. Resultatene kan variere, og helsepersonellet vil informere deg om de faktorer som kan påvirke resultatet som du får. Les alltid instruksjonene før bruk. Ikke alle produkter er tilgjengelige i alle land. Ta kontakt med din lokale Cochlear-representant for produktinformasjon.

Cochlear, Hear now. And always, Nucleus og den elliptiske logoen er enten varemerker eller registrerte varemerker som tilhører Cochlear-gruppen. iPad er varemerker som tilhører Apple Inc., og er registrert i USA og andre land.

© Cochlear Limited 2023. D2169592-V1 2023-12 Norwegian Translation of D2121059-V1 2023-08

Cochlear®

Sak nr	Sak/vedtak	Ansvar
4	**HLF tinnitusrapport** *Georg har bedt Tron Vedul Tronstad ved Sintef om innspel på tinnitusrapporten til Newsletter, men har i mellomtida sendt følgjande informasjon: Gemini, nettsted med nyheter fra SINTEF, har publisert et innlegg om tinnitus og tinnitusrapporten, der de blant annet har intervjuet Tron se den her: Én av fem nordmenn har tinnitus – behandlingstilbudet er dårlig (gemini.no).*	Georg
5	**Styremøte på STAF i april?** *Styret ventar på dato for STAF-møtet, som brukar å vere på vårparten. Marte og Marit føreslår styremøte i Como, Italia, i staden. Styret vil behandle forslaga på neste styremøte.*	Alle
6	**Hørselkonferansen 2024?** *Arne representerer NTAF i programkomitéen for Høyrselskonferansen, fortel om første møtet og ber om innspel frå styret. Temaet for konferansen er «Teknisk audiologi». Nettstaden vil bli http://www.hørselskonferansen.no/, etter at den er oppdatert. Tentativ dato for konferansen er 4. mars 2024.*	Arne
7	**Newsletter/heimeside-kommentarar?** Arne trekker seg som redaktør i Newsletter etter desembernummeret. Diskusjon om veien videre. • *Legge ut pdf på Fb-sider med annonser?* • *Lag sak til årsmøtet. Kva gjer vi med Newsletter?*	Alle
8	**HA-statistikken** *Styret syns det er positivt at Medus vil delta i HA-statistikken. Sidekommentar frå Georg: NTAF bør delta i prisforhandlingsprosessen for HA, slik som Audiografforbundet.*	Georg
9	**Vinay i forskningsperm** *Styret diskuterer om det skal settast inn vikar for Vinay medan han skal bu eit år i USA. Vinay ønskjer å fortsette i NTAF-styret og delta på digitalmøter. Dette er greit for styret.*	
	Eventuelt • Markering av NTAF 40 år? *Styret kommunisere om dette på epost.* • Epost frå Steinar Birkeland 12.09.23: NAS ber medlemsorganisasjonane om ei «generisk» epostadresse, uavhengig av kven som representerer medlemsorganisasjonen.	

Sak nr	Sak/vedtak	Ansvar
	Styret syns det er eit godt forslag. Arne snakkar med Oddbjørn om det finst slike adresser i n-t-a-f.org-domene, evt ber han han om å opprette ei slik adresse. Marte undersøker gmail. • Neste styremøte *Styret møtest hos Olav på Gardermoen onsdag kveld ca kl 18.*	

NTAF styremøte før EU23, 08.11.23

Til stades: Georg, Marte, Arne og Marit

Møtet vart stort sett brukt til førebuing til årsmøtet.

- Årsberetning for 2023 vart gjennomgått og kvalitetssikra
- Kandidatar til ordstyrar og referent vart føreslått
- Olav hadde lagd møtelenke i Google Meet. Arne sender ut lenka til medlemmane.
- Ymse:
    a. Marte føreslo at NTAF løyver stimuleringsmidlar til Jon Øygarden for oppdatering av Matlab koder til HiST surround-testen. Marte ber Jon om estimat på tal på timar han treng. Han er rettleiar for audiograf Bjørn Gjessing, som skal ta doktorgrad på ISP, og vil der bruke HiST surround-testen med hodetelefonar.
    b. Status betaling av Oddbjørn Arntsen for å lage HA-statistikken: Oddbjørn fekk betalt i 2022, men NTAF har ikkje fått refundert pengar frå Melanor for jobben. Marte fakturerer/purrar Melanor.

Årsmøte NTAF 09.11.23

Agenda:
1. Godkjenning av innkalling og saksliste
2. Valg av møteleder, referent og to underskrivere av årsmøtereferatet
3. Virksomhetsberetning fra styret
4. Rapport fra referansegrupper
5. Regnskap
6. Forslag til statuttendringer. Vedlagt
7. Innkomne saker – bes meldt til styret uten unødig opphold
8. Valg

Referat Årsmøte i NTAF 09.11.23

Fremøte fysisk
Marte Myhrum, Marte Rønningen, Marte Kristine Lindseth, Olav Kvaløy, Georg Træland, Arne Kirkhorn Rødvik, Marit Pedersen, Oddbjørn Arntsen, Lorents Peter Aarsnes, Kjell Magne Nupen, Jørgen Sætre

Fremmøtte Digitalt
Sandya Vinay, Vinay Nagaraj, Arne Vik, Jon Øygarden

Underskrivarar: Marte Rønningen, Kjell Magne Nupen

Ordstyrar: Marte Kristine Lindseth

Referent Lorents

Gjennomgang av møteinnkalling

1. Innkalling og saksliste. Godkjent av årsmøtet.
2. Avklaring av referent og ordstyrer.
3. Virksomhetsberetningen gås igjennom av Georg. Godkjent av årsmøtet.

Styret har holdt 4 møter. Styret har dessverre ikke fått deltatt på eksterne møter, f. Eks NAS.
Vinay er vise president i EFAS i perioden 2023-25 og blir president i EFAS i perioden 2025-27.
Oddbjørn påpeker at det blir ingen oppdatering av nettsidene, da det ikke vil medføre særlig reduksjon av utgifter.
Arne gir seg som sjefredaktør i Newsletter. Styret håper at Hilde ønsker å fortsette videre med bidraget. Det kan likevel medføre en avslutning av Newsletter, som er en viktig inntektskilde for foreningen.
Det er i tillegg der hvor statistikken over utleverte høreapparat blir presentert. NAV bidrar ikke med informasjon lengre, informasjonen kommer direkte fra leverandørene, men enda en leverandør deler nå tall.
Georg avslutter gjennomgangen med et glimt i øyet, og sier at vi gjør veldig mye av veldig lite.

4. Rapport fra referansegruppe for taleaudiometri (Marte Kristine, Marte My, Gøril og Arne R)

Marte M informerer om HA 3-ordstest aka HIST Surround. Testen skal anvendes til aided taleoppfattelse m og uten støy og skal opereres via audiometer. Kjell M påpeker at det har en fortrinn med å kjøre det fra audiometer pga krav til medisinsk-teknisk software. Skal brukes av Bjørn Gjessing i hans PhD arbeid for utvikling av normdata.

5. Regnskapet revidert av Oddbjørn.

Ingen kommentarer til 2022. Godkjennes.
2023 presenteres.

6. Forslag til statuttendringer

Endring på 3.1 og 4.8. Sistnevnte innebærer 4 ukers endring av innmelding pga digitale endringer.

Ingen kommentarer fra årsmøtet til utkast som ble sendt ut til alle medlemmene av NTAF.

7. Innkommende saker. Ingen.

8. Valg

Innstilling fra valgkomiteen blir godkjent.
Innstilling:

Posisjon	Status	Forslag fra valgkomiteen
Styreleder	På valg for 2 år	Arne Kirkhorn Rødvik
Kasserer	Ikke på valg	Marthe Myhrum fortsetter
Sekretær	På valg for 2 år	Lorents Peter Aarsnes
Styremedlem	Ikke på valg	Vinaj Nagaraj fortsetter
Styremedlem	Ikke på valg	Marit Pedersen fortsetter
1. vara	På valg for 2 år	Jørgen Sætre
2.vara	På valg for 1 år	Georg Magne Træland (Erstatning for
Torquil, som har trukket seg fra styret)		
Revisor	På valg for 2 år	Oddbjørn Arntsen

Valgkomiteen
Kjell R fortsetter
Kjell M går av og blir byttet ut med Marte Rønningen
Jørgen går inn i styret og blir byttet ut med Gøril Haukøy.

Det nevnes avslutningsvis at 40 års jubileet til NTAF blir ikke markert og man heller sparer seg til 50 års jubileet.

Lorents P Aarsnes (referent)

Marte Rønningen

Marte Rønningen

Kjell-Magne Nupen

Kjell Magne Nupen

STATUTTER

NORSK TEKNISK AUDIOLOGISK FORENING
(revidert og vedtatt på årsmøtet nov 23)

1. FORMÅL

Norsk Teknisk Audiologisk Forening, NTAF er en ideell faglig forening. Foreningens formål er

- å være rådgiver og fagområdets talerør i ulike sammenhenger.
- å formidle kontakt og utveksle informasjon og erfaringer medlemmene imellom i teknisk audiologiske spørsmål.
- å arbeide for utdanning og videreutdanning i teknisk audiologi.
- å være rådgivende i teknisk audiologiske spørsmål, styrke faget og være rådgiver overfor myndighetene.
- å arbeide for å bedre teknisk tilrettelegging for hørselshemmede.

Medlemmene skal opprettholde og heve respekten for sin profesjon ved å sette strenge krav til integritet og etikk i det daglige arbeidet. NTAF - Newsletter er foreningens medlemsorgan. NTAF er medlem av NAS (Nordisk Audiologisk Selskap) og NAP (Norske Audiologiske Profesjoner).

2. MEDLEMSKAP

2.1 Personlig medlemskap forutsetter at en er virksom innenfor området teknisk audiologi. Medlemmer som går ut av aktivt arbeid tilbys seniormedlemskap. Seniormedlemskap medfører samme rettigheter og plikter som vanlige medlemmer

2.2 Firmaer kan tegne støttemedlemskap.

2.3 Medlemsfortegnelse føres av kassereren.

2.4 Medlemskapet skal ikke benyttes til personlig økonomisk vinning .

3. STYRET

3.1 Foreningen skal ha et styre, bestående av fem medlemmer. Det er ønskelig at det finnes representanter for alle viktige aktører i audiologimiljøet i styret så som sykehus, hjelpemiddelsentraler og fra norske utdanningsinstitusjoner. Det er også mulig for representanter fra utstyrsleverandører og andre private aktører å delta i styrearbeidet. Styret skal ha to vararepresentanter.

3.2 Går et styremedlem ut av styret i valgperioden, eller over i en stilling som er uforenlig med medlemskap, erstattes vedkommende med en av vararepresentantene

3.3 Dersom den som går ut av styret er leder, sekretær eller kasserer, eller noen av disse skifter funksjon i styret i valgperioden, skal styret konstituere seg selv.

3.4 Styret er beslutningsdyktig når minst tre styremedlemmer er tilstede. Ved likt stemmetall har lederen dobbeltstemme . Styret har fullmakt til å engasjere utenforstående personer til spesielle oppgaver. Vararepresentant(ene) innkalles ved forfall eller behov.

3.5 Styret oppnevner representanter til aktuelle foreninger som NTAF er medlem av.

4. ÅRSMØTE

4.1 Årsmøtet bør holdes en gang årlig og er foreningens høyeste myndighet. Årsmøtet kan vedta å ikke holde årsmøte i det påfølgende kalenderår. Innkalling skal sendes ut minst 4 uker før planlagt årsmøte. Bare medlemmer har stemmerett på årsmøtet.

4.2 Årsmøtebeslutninger fattes med simpelt flertall. Oppstår likt stemmetall, utsettes spørsmålet til neste årsmøte.

4.3 Årsmøtet velger leder, sekretær, kasserer, to styremedlemmer og 1. og 2. varamedlem til styret. I tillegg velges valgnemnd på tre personer og revisor. Valgperioden er to år. Det er ønskelig at nøkkelfunksjoner ikke skiftes samtidig.

4.4 På årsmøtet skal styret avgi virksomhetsrapport, og revisor avgi rapport om revidert regnskap.

4.5 Årsmøtet kan opprette og legge ned referansegrupper. Referansegruppene avgir rapport til styret og på årsmøtet.

4.6 Årsavgift for medlems- og støttemedlemskap fastsettes av årsmøtet. Seniormedlemmer betaler ikke medlemsavgift.

4.7 Eksklusjon av medlemmer skal godkjennes av årsmøtet etter forslag fra styret.

4.8 Saker som medlemmer ønsker å ta opp på årsmøtet skal meldes sekretæren skriftlig minst 4 uker før årsmøtet. Hvis det foreligger innkomne saker utenom vanlige årsmøtesaker, skal styret sette opp saksliste og sende den ut umiddelbart.

5. ENDRING AV STATUTTER OG OPPLØSNING

Endring av disse statutter eller oppløsning av foreningen kan bare gjøres av årsmøtet. Forslag til dette skal sendes skriftlig til foreningens medlemmer minst fire uker før årsmøtet. For vedtak om oppløsning kreves kvalifisert flertall der skriftlig stemme fra fraværende medlem skal medbringes. Ved oppløsning av foreningen bestemmer årsmøtet hva som skal skje med foreningens eiendom.

Gå trådløst med MedRx

MedRx AWRC med trådløs REM og høyfrekvent audiometri

- Trådløse REM probe-mikrofoner
- Audiometri-testing opp til 20 kHz
- Kompatibel med Noah, TIMS, Blueprint og Sycle

CANTEC
- helping people

MedRx®
medrx-diagnostics.com

NTAF
Norsk Teknisk Audiologisk Forening

VIRKSOMHETSBERETNING FRA STYRET 2023

Aktiviteten i 2023 har i alle fall for leder vært preget av en oppbruddsstemning. Men det som skal gjøres har blitt gjort og flere av styrets medlemmer har gjort mer enn det man kan forvente. Vi hadde i år ambisjoner om å delta på flere nordiske samarbeidsmøter uten at det lykkes å få til. Styremøtene har vært arrangert på Skype/Teams og vi har i 2023 hatt 4 styremøter med dedikerte styremedlemmer.

- Arne Kirkhorn Rødvik vår representant i NASU (Norsk Audiologisk Samarbeidsutvalg) med Vinay som vara.
- Vinay er NASUs voting representant i EFAS og på sist EFAS møte så ble Vinay valgt som EFAS Vice-President (2023-2025) og president (2025-2027).
- Arne K. Rødvik er vår representant i NEK/NK29.
- Arne K Rødvik er vår representant i programkomitéen for Hørselskonferansen.
- Olav Kvaløy, Marte-Kristine Lindseth og Marte Rønningen er NTAFs representanter i arrangementskomitéen for felles etterutdanningskurs (EU-23)
- Georg Træland, Olav Kvaløy og Vinay er audiologieksperter i nasjonal og internasjonal standardisering.
- Marte Myhrum representerer NTAF i fagrådet for Hørselsregisteret for barn.

Medlemsstatus
Støttemedlemmer 11. Personlige medlemmer 85 pr. november 23, derav 30 seniormedlemmer

Deltakelse – representasjon

- NASU møte 12. april og 25. oktober (Arne Rødvik)

Reisestøtte

- Marte Kristine Lindseth har søkt og fått innvilget reisestøtte til IERASG.
- Hilde Husby Knustad har fått reisestøtte til EU22.

Webside - internett
N-T-A-F.org er en viktig informasjonskanal til våre medlemmer og andre interesserte. Oppdateringen er godt ivaretatt av vår webredaktør, Oddbjørn Arntsen.
Medlemsstoff er utlagt på de passordbeskyttede medlemssidene. Vi forsøker å oppdatere websiden kvartalsvis.

NTAF Newsletter

Newsletter er nå i enda større grad enn tidligere en viktig informasjonskilde for våre medlemmer. Redaktørene har klart å motivere medlemmer og andre til publisere viktig fagstoff i Newsletter. I tillegg så bidrar annonser i Newsletter til gode inntekter. På sist styremøte så informerte Arne K Rødvik at han trekker seg som redaktør i Newsletter etter desembernummeret.

Høreapparatstatistikken

Oddbjørn har jobbet videre med høreapparatstatistikken og har på tross av diverse skjær i sjøen med problemer med å skaffe til veie data, generert statistikk som har blitt publisert i Newsletter.

November 2023
Styret v/ Georg Træland, Marte Myhrum, Arne Kirkhorn Rødvik, Marit Pedersen og Olav Kvaløy.

Takk til Georg Træland

Her blir Georg takka av under festmiddagen på EU23 for mange års innsats for audiografutdanninga, av Marte Kristine frå NTNU og Olav Kvaløy frå arrangementskomitéen for EU23. Vi i styret i NTAF vil på vegne av foreininga takke Georg for hans store og lange innsats for foreininga, og for teknisk audiologi i Noreg. Georg har vore aktivt NTAF-medlem sidan stiftinga av foreininga i 1983 (http://n-t-a-f.org/Deltakere1983.pdf). Av dei 32 som var med på stiftingsmøtet i 1983, er det så vidt redaktøren veit, berre Jorunn Solheim (Lovisenberg sjukehus) som framleis er i aktivt arbeid. Georg har vore formann i foreininga i til saman 9 år. Siste periode frå 2019 til 2023. Han jobbar no 20% på SSHF, i første omgang til audiofysikar Hilde Knustad Husby er tilbake etter fødselspermisjonen. Det er ikkje tvil om at audiologimiljøet i Noreg har vore viktig for Georg, og redaktøren er overtydd om at han såg ei tåre i augekroken hans når Olav sa i sin takketale at dette vart nok Georgs siste EU som aktiv deltakar!

Rekneskap 2022

Resultatregnskap	2022	2021	Budsjett 2022
Inntekter			
Kurs/årsmøte	-	-	
Felleskurs	99 650,00	-	100 000,00
Medlemskontingent	5 500,00	12 700,00	55 000,00
Newsletter/web	-	5 000,00	40 000,00
Støtte standardisering	-	-	
Renter	1 139,94	212,76	200,00
Diverse	-	-	
Sum inntekter	**106 289,94**	**17 912,76**	**195 200,00**
Kostnader			
Kurs/årsmøte	16 314,20	-	30 000,00
Felleskurs	30 000,00	50 405,00	
Medlemskontingent	6 540,00	-	1 200,00
Newsletter/web	8 400,12	4 589,00	15 000,00
Støtte standardisering	-	-	10 000,00
Diverse	999,00	-	4 000,00
Reisestøtte/stipend	7 544,00	-	40 000,00
Styrearbeid	19 338,00	-	70 000,00
Høreapparatstatistikk	12 500,00	13 000,00	
Gebyrer	52,75	128,25	500,00
Sum kostnader	**101 688,07**	**68 122,25**	**170 700,00**
Driftsresultat	**4 601,87**	**-50 209,49**	**24 500,00**
Årsoverskudd/årsunderskudd	**4 601,87**	**-50 209,49**	**24 500,00**
Balanse			
Omløpsmidlar			
Brukskonto	8 171,89	54 359,96	
Kapitalkonto	217 752,11	266 612,17	
Utestående fra EU-2021	99 650,00		
Sum omløpsmidler	**325 574,00**	**320 972,13**	
Egenkapital			
Inngåande balanse 01.01	320 972,13	371 181,62	
Årsoverkudd/årsunderskudd	4 601,87	-50 209,49	
Sum egenkapital pr. 31.12.	**325 574,00**	**320 972,13**	
Oslo, 9. november 2023			
Marte Myhrum	Oddbjørn Arntsen		
kasserer	*Revisor*		

Førebels rekneskap 2023

Resultatregnskap	2023	2022	Budsjett
Inntekter			
Kurs/årsmøte	-	-	
Felleskurs	-	99 650,00	
Medlemskontingent	70 300,00	5 500,00	55 000,00
Newsletter/web	45 000,00	-	40 000,00
Støtte standardisering	-	-	
Renter	-	1 139,94	200,00
Diverse	-	-	
Sum inntekter	**115 300,00**	**106 289,94**	**95 200,00**
Kostnader			
Kurs/årsmøte	-	16 314,20	30 000,00
Felleskurs	-30 210,00	30 000,00	
Medlemskontingent	-3 750,00	6 540,00	1 200,00
Newsletter/web	-2 038,00	8 400,12	15 000,00
Støtte standardisering	-	-	10 000,00
Diverse	-	999,00	4 000,00
Reisestøtte/stipend	-	7 544,00	40 000,00
Styrearbeid	-	19 338,00	70 000,00
Høreapparatstatistikk	-	12 500,00	
Gebyrer	-8,50	52,75	500,00
Sum kostnader	**-36 006,50**	**101 688,07**	**170 700,00**
Driftsresultat	**79 293,50**	**4 601,87**	**-75 500,00**
Årsoverskudd/årsunderskudd	**79 293,50**	**4 601,87**	**-75 500,00**

Balanse		
Omløpsmidlar		
Brukskonto	187 115,39	8 171,89
Kapitalkonto	217 752,11	317 402,11
Sum omløpsmidler	**404 867,50**	**325 574,00**
Egenkapital		
Inngåande balanse 01.01	325 574,00	320 972,13
Årsoverkudd/årsunderskudd	79 293,50	4 601,87
Sum egenkapital pr. 31.12.	**404 867,50**	**325 574,00**

Oslo, 8.nov.2023 (midlertidig regnskap)

Marte Myhrum — *kasserer*

Oddbjørn Arntsen — *Revisor*

Revisors beretning for NTAF regnskapsåret 2022

Til årsmøtet 2023

Regnskapet for 2022 anbefales godkjent.

Alle konteringer er kontrollert og funnet i orden.

Det er tatt stikkprøver av utbetalingene. Alt i orden.

Alle beløp samsvarer med kontoutskrift fra banken.

I år er det bokført utestående fordring på overskudd fra forrige felleskurs. Beløpet er også korrekt ført i balansen som omløpsmidler. Uten dette beløpet ville det vært et stort underskudd, da det er lite inntekter fra kontingent og annonser. Jeg ser imidlertid at det er rettet opp i 2023.

07.11.2023

Oddbjørn Arntsen

Omtale av rapporten "Riktig ut fra start…"-En kartlegging av behandlingstilbudet for personer med tinnitus

Arne Kirkhorn Rødvik

SINTEF la i januar fram sin sluttrapport frå kartlegging av behandlingstilbodet i Noreg for personar med tinnitus (https://sintef.brage.unit.no/sintef-xmlui/bitstream/handle/11250/3072691/Sluttrapport.Tinnitus%2b-%2bsigned.pdf?sequence=1&isAllowed=y). Rapporten vart lagd etter bestilling av HLF. Med bruk av dokumentanalyse og 21 intervju med øyre-nase-halslegar, audiografar, audiopedagogar, likepersonar, fagorganisasjonar (for audiografane og audiopedagogane), utdanningsinstitusjonar og rehabiliteringssentra med tilbod til personar med tinnitus, ga Sintef eit bilde av dagens behandlingstilbod. Under arbeidet med rapporten vart ingen fastlegar intervjua, men likevel er ein av hovudkonklusjonane at kompetansen til fastlegane om tinnitus bør aukast.

Ved hjelp av samanlikningar med tilrådingane som vart gjevne i tidlegare utgreiingar (2003 og 2005), og med det europeiske forslaget til retningslinjer frå 2019, konkluderer forfattarane med at det framleis står att mykje før personar med tinnitus kan seiast å ha eit tilfredsstillande behandlingstilbod i Noreg. Svake sider ved dette tilbodet finn dei i alle

ledd i pasientforløpet, og dei konkluderer med at denne pasientgruppa ikkje blir ivaretatt på beste måte pr. i dag.

Konkrete tilrådingar frå kartlegginga er:

- Det er behov for styrking av basiskompetansen om tinnitus blant fastlegane (kva tinnitus er, enkle grep for forbetring, kva tilbod som finst osv).
- Spesialisthelsetenesta må ivareta sitt sørge-for-ansvar overfor pasientgruppa. Kartlegginga viser gode døme på utgreiings- og behandlingstilbod som bør etterlevast.
- Arbeidet med retningslinjer og rettleiar på tinnitusfeltet, som blant anna vart signalisert av helseministeren i 2004, bør settast i gong.
- E-læringstilbodet må vidareutviklast, både når det gjeld tilbod retta mot helsepersonell (audiologisk og ikkje-audiologisk) og mot pasient/pårørande (blant anna gjennom Lærings- og mestringssentra i helseføretaka).

Rapporten løftar fram ordninga som kom i 2022, med Helfo-refusjon for tinnitusbehandling hos audiopedagogar, som eit skritt i rett retning. Men påpeikar at på sikt burde dette behandlingstilbodet samlast innafor helseføretaka. Kva som er grunngjevinga for at samling av audiopedagogtenestene under helseføretaka gjev eit betre tilbod, er uvisst. Rapporten peikar på at audiopedagogane sin kompetanse på rådgjeving gjer dei godt skikka til å behandle pasientar med tinnitus, men kjem lite inn på korleis audiopedagogane sin manglande medisinske kompetanse på feltet kan kompenserast.

Rapporten konkluderer med at sentrale styresmakter bør følgje opp tilrådingane gitt av dei direktoratoppnemnte arbeidsgruppene i 2003 og 2005, samt at planane som helseministeren presenterte i 2004, på spørsmål frå Stortinget om kva konkrete tiltak helseministeren ville sette i verk for å sikre eit fullgodt og likeverdig behandlingstilbod til personar plaga med tinnitus, bør realiserast. Hovudpunkta i svaret frå helseministeren var då:

- Direktoratet vil vurdere om det er tilstrekkeleg å bygge opp regionale kompetansesentra, eller om det også bør føreslåast å etablere eit nasjonalt kompetansesenter for tinnitus.
- I kvar helseregion bør det finnast minst eitt lærings- og mestringssenter som har kompetanse til å gje tilbod til tinnitusramma.
- Helseministeren vil arbeide for at det blir utarbeidd ein rettleiar eller retningslinjer for tinnitusbehandling
- Det bør etablerast eit kompetansehevingsprogram for behandling av tinnitus.

Høyreapparatstatistikken

Arne Kirkhorn Rødvik

Vi presenterer her høyreapparatstatistikken for 2. kvartal 2023, som avtalt mellom NTAF og Prosjektgruppe høyrsel i Melanor. HA-statistikken er basert på opplysingar utlevert til

Oddbjørn Arntsen av leverandørane som samtykka i å utlevere sine salsdata. Oddbjørn har så samanfatta dette på oppdrag frå NTAF, finansiert av Prosjektgruppe høyrsel i Melanor. Per i dag deltar 9 av 10 leverandørar. Detaljert statistikk kan etter kvart lastast ned frå: http://n-t-a-f.org/HA-statistikk.htm. Cochleaimplantat er ikkje med i statistikken, men andre høyrselsimplantat, til dømes beinforankra HA og mellomøyreimplantat, er med.

HA-statistikk 2. kvartal 2023






slange
3,2 %
slange og tynnslange
6,1 %
RITE
85,3 %
-
1,2 %
benledning
0,2 %
Custom
4,0 %


nei
46,6 %
ja
53,4 %
Telespole (ja/nei)?


(tom)
27 %
ja
5 %
nei
68 %
Auracast (ja/nei)?





Redaksjonen ønskjer alle medlemmar, støttemedlemmar og samarbeidspartnarar eit godt nytt år!

Bare noen få ord om

(Frå NTAF NL nr 1, hausten 1983)

7. Har du hørt at.....

....NOLFs vårmøte skal arrangeres på Gjøvik og det er ønske om å få en oppdatering av kunnskapene om høreapparat og høreapparattilpasning?

....M. Szalay fyller 50 år den 16. des.?

....det er ledig stilling for Audioingeniør ved hørselsentralen i Molde? Det skal visstnok være gode lønnsbetingelser!

....ingeniørene må engasjere seg for å få tatt i bruk EDB ved hørselsentralene.

....Gjestland (ELAB) og Flottorp har vært på symposium i Stockholm: "Adverse effects of noise; research needs." - og at det vil foreligge en rapport fra dette "om noen tid".

....om standarder i ISO og IEC -skal Flottorp orientere i åpent møte på Rikshospitalet mandag den 19.des. kl.1400.

....Bjørn Hodneland etterlyser erfaringer med infrarøde klasseanlegg.

....Bjørn Hodneland lurer på om det er aktuelt med en endring av overføringsfrekvensene for FM skoleanlegg. Flottorp melder at de høyere transmisjonsfrekvenser i UK og USA er kjent, men at det ikke har vært oppe noe spørsmål om endring her i landet. BH bes ta dette opp spesielt som et grunngitt spørsmål hvis det er aktuelt.

....vårt styremedlem i Nord, Einar, har forsvart sin doktoravhandling om ERA. Altså: dr. Philos. GRATULERER EINAR!!!!!!

NTAF - Styre 2023 → 2024

Arne Kirkhorn Rødvik, leiar
CI-eininga, ØNH-avd, Rikshospitalet Tlf: A: 23071694
Oslo universitetssjukehus HF Mobil 97972529
Pb. 4950 Nydalen, 0424 OSLO a.k.rodvik@isp.uio.no

Marte Myhrum, kasserar
ØNH-avd, Rikshospitalet Tlf: A: 23071691
Oslo universitetssykehus HF Mobil: 95759699
Postboks 4950 Nydalen, 0424 OSLO marte.myhrum@medisin.uio.no

Lorents Peter Aarsnes, sekretær
ØNH-avd, Rikshospitalet Tlf: A: 23074005
Oslo universitetssykehus HF Mobil: 41685434
Postboks 4950 Nydalen, 0424 OSLO loraar@ous-hf.no

Vinay Swarnalatha Nagaraj, styremedlem
Studieprogram for audiologi Tlf: A: 73412625
NTNU-MH-INB – Tunga Mobil: 45063397
7491 TRONDHEIM vinay.nagaraj@ntnu.no

Marit Pedersen, styremedlem
Høresentralen, St. Olavs Hospital HF Tlf: A: 72575408
Postboks 3250 Sluppen Mobil: 91127498
7006 TRONDHEIM marit.pedersen@stolav.no

Georg Træland, 1. varamedlem
Hørselsentralen Tlf: A: 37014545
Sørlandet Sykehus HF, Arendal Mobil: 91718427
4809 ARENDAL georg.traland@sshf.no

Jørgen Sætre, 2. varamedlem Tlf: A: 22594700
Cochlear Norge AS Mobil: 92824199
Brynsveien 13 jsatre@cochlear.com
0667 OSLO

NTAF web-ansvarleg Oddbjørn Arntsen
oddbj-a@hotmail.com

Får du med deg brannalarmen på hotellet?

... spør resepsjonen om

VEA Fire Safety

Brannvarsling på mobil

Last ned fra App Store

LAST NED PÅ Google Play

sensio vestfold